# KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2215/98

## av 15. oktober 1998

## om endring av forordning (EF) nr. 881/98 om fastsettelse av nærmere regler for beskyttelse av de tradisjonelle tilleggsbetegnelsene som brukes for visse typer kvalitetsvin fra bestemte dyrkingsområder (kvbd) (*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 823/87 av 16. mars 1987 om fastsettelse av særlige bestemmelser om kvalitetsviner fra bestemte dyrkingsområder(1), sist endra ved forordning (EF) nr. 1426/96(2), særleg artikkel 15 nr. 8, og

ut frå desse synsmåtane:

I kommisjonsforordning (EF) nr. 881/98(3) er det fastsett nærmare reglar for vern av dei tradisjonelle tilleggsnemningane som vert nytta for visse typar kvalitetsvin frå særskilde dyrkingsområde (kvsd).

Det må fastsetjast overgangstiltak for produkt der nemninga og presentasjonen ikkje stettar dei gjeldande føresegnene på området.

Partar som det kjem ved, og som stettar dei vilkåra som er fastsette i forordninga, må få meir tid til å utfylle lista over tradisjonelle nemningar i vedlegget til forordninga. Difor bør den datoen som forordninga skal nyttast frå, utsetjast med seks månader.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Forvaltingsutvalet for vin —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

I forordning (EF) nr. 881/98 vert det gjort følgjande endringar:

1. Ny artikkel 6a skal lyde:

   "*Artikkel 6a*

   Viner hvis betegnelse og presentasjon er i samsvar med de bestemmelser som var i kraft da de ble markedsført, men hvis betegnelse og presentasjon ikke lenger er i samsvar med bestemmelsene som følge av endring av disse, kan oppbevares med henblikk på salg, markedsføres og eksporteres inntil lagrene er tømt.

   Etiketter som har trykte angivelser i samsvar med de bestemmelser som var i kraft da de ble tatt i bruk, men som ikke lenger er i samsvar med bestemmelsene som følge av endring av disse, kan benyttes i ett år fra den dato endringen fikk anvendelse."

2. I artikkel 7 vert "1. oktober 1998" endra til "1. april 1999".

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa.*

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. oktober 1998.

*For Kommisjonen*

Franz FISCHLER

*Medlem av Kommisjonen*

---

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 279 av 16.10.1998, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/1999 av 28. mai 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 84 av 27.3.1987, s. 59.

(2) TEF L 184 av 24.7.1996, s. 1.

(3) TEF L 124 av 25.4.1998, s. 22.